

Referat frå årsmøte i Aardalens Venner

Stad: Selje Hotel
Dato: 15. mars 2014
Tid: kl. 18.00 – 19.15

Frammøtte: Doris og Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal og Terje Hovden (5).

Jan Hammersvik ynskte velkomen til årsmøtet.

Saker handsama på årsmøtet:

1. Godkjenning av innkallinga til årsmøtet

Årsmøtet var innkalla pr. SMS sidan det berre var 26 betalande medlemmar i 2014. Ingen merknader, samrøystes godkjent.

2. Val av ordstyrar og skrivar

Jan ordstyrar, Terje skrivar. Samrøystes.

3. Godkjenning av årsmelding frå styret

Terje las årsmeldinga. Samrøystes godkjent.

4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2014

Terje las opp revisjonsmeldinga, og gjekk deretter gjennom resultatrekneskapen. Utgiftene i 2014 var kr 4.181,70 større enn inntektene. Totale inntekter kr 9.201,-, totale utgifter kr 13.382,70.

Behaldning pr. 31.12.2013 kr 20.701,44.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

5. Budsjett / kontingent / arbeidsprogram

Det er ikkje sett opp budsjett for 2014. Aktiviteten skal tilpassast økonomien i laget.

Kontingent:

Uendra både for einskildmedlemmar (kr 100,-), familie (kr 200,-) og firma (kr 500,-)

Planlagde aktivitetar 2015:

- Slått / stell av dei to teigane med «innmark»
- Prøve å få til eit arrangement i løpet av våren
- Prøve å knyte fleire til Aardalens Venner med tanke på dugnadsaktivitetar og utskifting i styret

Samrøystes.

6. Inkomne saker

Ingen inkomne saker.

7. Val av styremedlemmar

Alle som var på val tok attval, og styret blir då slik for 2015:

Jan Hammersvik	-	ikkje på val	(1 år)
Kaare Aardal	-	attval	(2 år)
Terje Hovden	-	attval	(2 år)
Per Arne Berge	-	attval	(2 år)
Atle Nøstdal	-	ikkje på val	(1 år)

Varamedlemmar:

Dag Hamre	-	går ut (ikkje kontakta) - ikkje erstatta	
Anne Grete Kleppe	-	går ut - ikkje erstatta	
Magnar Drageseth	-	går ut - ikkje erstatta	

8. Val av revisorar

Inge Bakke	-	attval	(1 år)
Håkon Berstad	-	attval	(1 år)

9. Val av valnemnd

Doris Hammersvik	-	attval	(2 år)
Unni Eltvik Hovden	-	attval	(2 år)
Sylvi Olsson	-	går ut – ikkje erstatta	

10. Eventuelt

- Medlemskontingent – sender ut meldingar pr. e-post ev. SMS for å spare porto og kopieringsutgifter (Terje)
- Styret prøver å få til eit styremøte i Årdalen tidlig på våren for å planlegge tiltak

Møtet slutt kl. 19.15.

Terje Hovden
referent